

1. Velg klubb...

Voss Hang og Paraglider Klubb

2. Innsendt av:

Email

Malene@vosshpk.no

Navn:

Malene Hettle Hole

Verv i klubben

Leder

3. Er klubbens ledelse oppdatert i Klubb Admin?

Ja

4. Er klubbens øvrige verv oppdatert i Klubb Admin?

Ja

5. 3.1 Har klubbens instruktører fornyet sine kompetansebevis og gjennomført seminar i henhold til sikkerhetssystemets krav?

Ja

6. Eventuell kommentar til 3.1

Sikkerhetsgruppa har gjennomført jamnlege møter og følger opp fornying av kompetansebevis for instruktører.

7. 3.2 Har klubbens hjelpeinstruktører fornyet sine kompetansebevis i henhold til sikkerhetssystemets krav?

Ja

8. Eventuell kommentar til 3.2

-

9. 3.3 Har klubbens tandemflygere fornyet sine kompetansebevis for tandem?

Ja

10. Eventuell kommentar til 3.3

-

11. Andre kommentarer til avsnitt 3 - instruktører

Ingen kommentar

12. 4.1 Har klubben avholdt årsmøte siden siste revisjon eller i løpet av siste kalenderår?

Ja

13. Eventuell kommentar til 4.1

Årsmøte gjennomført 22.03.2024, og 21.02.2023.

14. 4.2 Finnes det arkiv med alle protokoller fra styremøter og eventuelt øvrige referater?

Ja

15. Eventuell kommentar til 4.2<https://vosshpk.no/arkiv/>**16. 4.3 Hvor mange klubbmøter har vært avholdt siden siste året?**

Antall klubbmøter (0-null er også et gyldig svar)

3

17. Eventuell kommentar til 4.3

I tillegg til klubbkveldar har klubben arrangerte fleire arrangement i 2023. Ekstremспортveko 2023 var det største med SIV-kurs og akro-utsjekk for frivillige, fem konkurransar for PG/SPG, samt mykje organisert og uorganisert aktivitet. Voss Fun-cup vart gjennomført i palmehelga, og det vart arrangert to oppsamlingshelger for SPG og PG. På hausten vart det også gjennomført jentesamling for HPS i samarbeid med klubben

18. 4.4 Hvor mange av klubbens medlemmer møter vanligvis opp på klubbmøtene?

Antall medlemmer på møter (0-null er også et gyldig svar)

25

19. Eventuell kommentar til 4.4

-

20. 4.5 Har klubbmøtene hatt egne temaer?

Ja

21. Hvilke temaer har møtene hatt?

Nødsjermkastekveld, tryggleik, gjennomgang av siste revisjon av utdanningsprogram og sikkerheitssystem, samt gjennomgang av fornying kompetansebevis.

22. 4.6 Har noen fra klubben deltatt på seksjons-/ledermøte?

Ja

23. Eventuell kommentar til 4.6

Luftsportstinget vart heldt 25. mars 2023. Representantar frå klubben var Johnny Skjerping, Lena Vassli, Hilde Eikemo, Kjell Svanes og Isabell Jørgensen. Representantar NLF/HPS Luftsportsstyret Ungdomsrepresentant Lena Vassli Varamedlem Ragna Breines Seksjonsstyret Nestleiar: Lehart Eriksen Styremedlem: Ragna Breines Styremedlem ungdom: Magnus Breen Varamedlem: Lena Vassli Utval Ungdomsutvalet: Magnus Breen Kvinnenettverket: Lena Vassli Konkurransutvalet KUSPG: Leiar Lehart Eriksen Konkurransutvalet HNF: Nestleiar Erlend Ukvitne og medlem Lena Vassli.

24. 4.7 Er klubbens økonomi tilfredsstillende ?

Ja

25. Eventuell kommentar til 4.7

Underskot dette året, i hovudsak pga. reduksjon i tandemaktivitet, litt redusert deltaking på kurs i tillegg til at det har vore to fulltidstilsette delar av året. Klubben har eigenkapital på sparekonto, så det er å ansjå som god økonomi.

26. 4.8 Kursinntekter - Håndteres all betaling for kurs av klubben i henhold regelverket

Ja

27. 4.9 Inntekter fra tandemflyging - Håndteres all betaling for tandemflyging av klubben i henhold til regelverket?

Ja

28. Andre kommentarer til avsnitt 4 - Politiske saker og økonomi

-

29. 5.1 Ønsker du å fortsette som faglig leder i klubben?

Ja

30. Eventuell kommentar til 5.1

Klubben er på utkikk etter å rekruttere riktige folk til å ta over ulike verv, men på bakgrunn av utskifting av tilsette og i styret er det hensiktsmessig å halde fram med same fagleg leiar fram til styre og administrasjon har fått god nok opplæring og oversikt over alle delar av drifta.

31. 5.2. Har du deltatt på seksjonens ledermøte i år ?

Nei

32. Eventuell kommentar til 5.2

-

33. 5.3 Har klubben avholdt sikkerhetsseminar i året som gikk?

Ja

34. 5.4 Har klubben / klubbens medlemmer hatt hendelser siste året?

Ja

35. Eventuell kommentar til 5.4

Av dei 43 hendingar som vart rapportert inn i 2023 var 21 næruehell, 15 uehell, og 7 ulykker. Det er ein liten nedgang i tal hendingar frå 2022 (46). Av desse er 21 rapporterte hendingar næruehell, Det tyder på at medlemmane held fram med å rapportera hendingar som kunne eskalert og fått større konsekvensar. Det er ein positiv trend (11 i 2022) med tanke på auka rapportering. Desse hendingane gir betre innblikk i kva type feil me som pilotar gjer. Det er rapportert 7 ulykker i 2023. Det gir ein nedgang i rapporterte ulukker, og me vil halde fram med å jobba mot 0 ulykker. Då er det svært viktig å fortsetje å rapportere alle hendingar, som er eit viktig bidrag til sikkerheitsarbeidet til klubben og sporten. På den måten kan me læra meir av kvarandre, og gjera sporten vår tryggare.

36. 5.5 Er alle hendelsene rapportert til seksjonen?

Nei

37. Eventuell kommentar til 5.5 (Er alle hendelsene rapportert til seksjonen?)

Alle kjende hendelsar vert rapportert til seksjonen, spesielt hendingar som skjer ved klubbens arrangement, organiserte aktivitetar, og kursing. Klubbens instruktørar følger opp dei hendelsane ein får høyre om, og oppfordrar medlemmar til å rapportere hendelsar. Det er framleis behov for å oppfordre medlemmar til rapportering, då det er grunn til å tru at det framleis er mørketal her mtp. kor mange turar som vert flydd ila. eit år samanlikna med rapporterte hendingar.

38. 5.6 Er hendelsene gjennomgått og analysert sammen med de involverte?

Ja

39. Eventuell kommentar til 5.4

Dei kjende hendelsane vert fulgt opp av fagleg leiari, og sikkerhetsgruppa. Dersom instruktørar har vore tilstade vert det naturleg at ein instruktør har hovudansvar for å følgje opp debrief av hendinga, samt hendelsesrapportering.

40. Andre kommentarer til avsnitt 5 - faglige saker

-

41. 6.1 Klubben skal ha etablert følgende faglige funksjoner med tilfredsstillende instruks, fagfunksjonene skal være registrert i KlubbAdmin og instruks finnes hos faglig leder.

Instruks for følgende personer finnes hos faglig leder:

Faglig leder
Skoleansvarlig
Sikkerhetsansvarlig
Regelverksansvarlig
Miljøansvarlig
Ansvarlig for politiattester

42. Eventuell kommentar til 6.1

Dei faglege funksjonane vert løyst av Fagleg leiar, dei tilsette og medlemmar i sikkerhetsgruppa. Her har det vore utskifting av administrasjonen i føregående år, men pga. sikkerhetsgruppa vert funksjonane oppretthaldt.

43. 6.2 Relevante publikasjoner

Hva er tilgjengelig lokalt hos klubben ?

Aktuelle BSL'er
Sikkerhetssystemet
Utdanningsprogrammene
Annen løsning - Korleis ein finn fram til siste versjon av sikkerheitssystem og utdanningsprogram vert formidla til nye medlemmar på kurs. Dette vert også teke opp på progresjonskurs. I tillegg har dei siste revisjonane vorte delt gjennom medlemsmail og som innlegg frå klubben si facebookside. BSL, sikkerheitssystem og utdanningsprogram ligg opplasta på klubbens heimeside.

44. Eventuell annen kommentar til 6.2

Oppdaterte lenker til sikkerheitssystem og utdanningsprogram ligg tilgjengeleg på klubbens heimeside, i tillegg til vidareformidling av lenker til NLF sine sider. I 2024 vert også dette oppdatert på klubbens nye heimeside som er under arbeid.

45. Andre kommentarer til avsnitt 6 - Instruks

-

46. 7.1 Har klubben oppdaterte risikoanalyser for klubbens flysteder?

Nei

47. Kommentar til 7.1

A1/2023 Det har vore gjort mykje arbeid med ROS-analyse tidlegare år, og ein finn ein del informasjon om klubbens etablerte flysteder på desse sidene. Her har informasjonen vorte oppdatert fortløpande av dei tilsette. Styret og dei tilsette har ein intensjon om å få dette inn i mal for ROS-analyse med oppdatert informasjon. I tillegg er det eit mål å sjå på om det er fleire startar som bør inkluderas i dette arbeidet. Det har vore gjennomført styremøte kor dette har vore tema, og arbeidsprosessen er i gang. Målet er å få desse ROS-analysene inn på den nye heimesida som er under ferdigstilling no. Det finst likevel mykje viktig info om klubbens flysteder på klubbens heimeside, sjølv om det ikkje er på format som mal for ROS-analyse. I tillegg vert operativ info delt fortløpande i klubbens medlemsgruppe.

48. 7.2 Er disse risikoanalysene presentert for klubbens flygere?

Ja

49. Kommentar til 7.2

Informasjon om flystader på Voss, med egne undersider for fleire av dei viktigaste flystadene. <https://vosshpk.no/flystader/> - under utbetring for ny heimeside i 2024.

50. 7.3 Er risikoanalyse for flysteder benyttet av klubben tilgjengelig for medlemmene?

Ja

51. Kommentar til 7.3

<https://vosshpk.no/flystader/> Oversikt og info over flystader på Voss er tilgjengeleg på klubbens heimeside.

52. 7.4 Har klubben en handlingsplan for ulykker tilgjengelig for medlemmene?

Ja

53. Kommentar til 7.4

Klubben følger handlingsplan og varslingsplan i samsvar med HPS, som vert tydeleg formidla på alle grunnkurs, og repetert ved andre progresjonskurs. Det vert også gjennomgått på hjelpeinstruktørkurs. Fagleg leiar vert varsla tidleg etter etatar og fagsjef. Deretter skulesjef og dagleg leiar. Handlingsplan ligg tilgjengeleg på klubben si heimeside.

54. Andre kommentarer til avsnitt 7 - Klubbens flysteder

-

55. 8.1 Har klubben holdt nybegynnerkurs i året som gikk?

Ja

56. Eventuell kommentar til 8.1

Klubben utdanna 135 nybegynnara i 2023. Voss Følkehøgskule har 13 elevar som blir kursa gjennom klubben i 2023/2024.

57. 8.1.1 Skoleansvarlig holder klubbens kurs oppdatert i Idrettskurs - har klubben god kontroll på elevenes status ? (Bekreft det som er oppdatert/verifisert)

Elever som har deltatt på kurs har betalt kontingent og forsikring
Elever som er ferdige og har bestått er markert Oppmøtt og Fullført
Elever som er ferdige har søkt om utstedelse av elevbevis
Elever som har søkt om utstedelse har fått sin kompetanse

58. Eventuell kommentar til 8.1.1

Dei elevane som ikkje fullførte grunnkurs i føregående år har vorte flytta til eit eige kurs slik at ein lettare kan ha oversikt over oppfølging av dei elevane som ikkje vart ferdige.

59. 8.2 Faglig leder og skoleansvarlig skal holde oversikt over status for klubbens elever (kurselever og nivå 2) og flygere.

Har klubbens aktive elever og flygere kontingent, forsikring og kompetansebevis i orden?

Ja

60. Gi i tillegg en kort kommentar om hvordan dette følges opp

Skulesjef har hatt overordna ansvar for dette, og fulgt opp kontinuerleg. I tillegg har skulesjef gitt opplæring til dei tilsette i klubben, slik at fleire kan følge opp elevane. Dei aktive instruktørane får også opplæring i korleis følge opp sine eigne elevar gjennom året.

61. Hvordan sikrer klubben seg at dette følges opp?

Ved bruk av heimesida vert klubbrevisjon gjort tilgjengeleg til medlemmane.

62. Hvilke(n) person(er) i klubben er ansvarlig for å motta og videreformidle informasjon fra seksjonen?

Fagleg leiar, skulesjef og dei tilsette. Her nyttar ein instruktørmøter, facebookside, og medlemsmail til vidareformidling. I tillegg har vi sett opp ei fast sak på styremøte med innspel/info frå seksjonen slik at dei tilsette og styret følgjer opp dette.

63. 9.3 Beskriv hvordan klubben sikrer seg at alle medlemmene får riktig informasjon?

Medlemsmail og heimesida vert i hovudsak nytta for å nå best ut til medlemmer ved viktige saker. I tillegg vert facebook-sida til klubben, og andre grupper for elevar, instruktørar og tandempilotar nytta for å gi spesifikke beskjedar til desse medlemsgruppene gjennom året. I tillegg nyttar vi instagram for å dele beskjedar av mindre viktig karakter, men heller positiv aktivitet og nyttig info for å skape engasjement. Elles er klubbkveldar og møter ein arena kor klubben delar nyttig info med medlemmane.

64. Gi en kort beskrivelse av hvordan klubben håndterer dette forholdet:

Klubben vil ha mest mogleg nyttig info tilgjengeleg på heimesida på ein strukturert måte. Dermed også tydeleg kontaktinfo til dei personane som kan gje svar på spørsmål som ein måtte lure på. Klubbens mailadresser vert fulgt opp regelmessig, slik at medlemmer som ikkje er like godt kjent med klubbdrifta kan få svar på det ein treng. Her vert også medlemmer vist vidare til informasjon frå seksjonen sine sider, eller ein kan evt. bli sett i kontakt med riktig funksjon, eller instruktør om ein treng det. Etter at nokon har vore på grunnkurs i PG/SPG set ein eleven i kontakt med instruktør eller erfarne pilotar som er kjende i området kor eleven høyrer til. Her kjem det også påminning i elevgrupper om progresjonen vidare. Her fungerer progresjonskursa godt som eit ekstra møtepunkt for dei som ikkje held til lokalt.

